



Arkivnr: 2017/1321-12

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

Unnateke offentleggjering OFFL § 26, 2. ledd

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		13.09.2017

Folkemusikkstipend. Tildeling 2017

Samandrag

Føremål med ordninga:

Stipenda skal oppmuntre til kunstnarleg utvikling og å styrke og sikre arbeid med immateriell kulturarv. Stipenda er meint å gje høve til ein periode med fordjuping og / eller fagleg påfyll og utvikling.

Generelt:

Budsjett 2017:	100 000 kroner
Søknadsfrist 2017:	1.juni
Vedtak kriteria:	KIRU 08.06.2016: PS 93/16
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida

2017:

Tal på søknadar:	11 søknader frå 7 søkerar
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	3 søkerar
Tilrådd til fordeling: Stipendmidlane vart vedteke fordelt slik:	<ul style="list-style-type: none">•eitt folkemusikkstipend på kr 50.000•to stipend à kr 25.000 øyremerket unge utøvarar (under 30 år)

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Rådet for Hardingfela.no vart vedteke å vere rådgjevande fagkomité for stipenda og har innstilt kandidatar til fylkesrådmannen på grunnlag av ei skjønsmessig vurdering basert på kunstnarleg og fagleg nivå, og kjennskap til feltet. Fylkesrådmannen tilrår å slutte seg til Rådet for Hardingfela.no si innstilling.

Stipenda kan tildelast musikarar, songarar og dansarar og dei som arbeidar med dokumentasjon, formidling eller instrumentbygging. Stipendmottakar må vere busett i Hordaland.

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling tildeler følgende folkemusikkstipend over budsjettpost 400.735 – prosjektmidlar folkemusikk:

- | | |
|----------------------|---|
| 1.Folkemusikkstipend | stipend på kr 50 000: Berit Opheim |
| 2.Folkemusikk Ung | stipend på kr 25 000: Silja Solvang |
| | stipend på kr 25 000: Maria Skjeldrum Toppe |

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 25.08.2017

Hordaland fylkeskommune har gjennom mange år har hatt ei satsing på folkemusikk, mellom anna gjennom fylkesmusikarordninga og støtte til Ole Bull akademiet. Målsettinga er å ha ein levande, framtidsretta folkemusikktradisjon, og at fleire skal kunna ta del i den kompetansen som knyter seg til denne rike tradisjonen, som musikarar, dansarar og handverkarar. Nye grupper skal få oppleve tradisjonsmusikk, - dans og den kompetansen som høyrer til. Det vert utvikla nye uttrykk basert på gamle tradisjonar. Den kulturelle og faglege kvaliteten vert styrkja, både for utøvarar, tradisjonsberarar og publikum. I dei seinare år har framveksten av unge lovande utøvarar inne tradisjonsmusikk og dans vore god. Det er likevel trøng for å stimulera og understøtta denne tilveksten. Ein ser stipend som ein god reiskap for å stimulere dette.

Hardingfela.no er eit samarbeidsprosjekt mellom Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss museum. Samarbeidet i Hardingfela.no blir leia av eit felles råd. Rådet er Hardingfela.no sitt øvste faglege organ. Rådet for Hardingfela.no har vore rådgjevande fagkomité for stipenda, slik det vart vedteke. Dei har innstilt kandidatane på grunnlag av ei skjønnsmessig vurdering av aktivitet og kvalitet. Innstillingane er grunngjevne. Det vert lagt fram ei oversikt over søkerane som vedlegg til denne saka.

Rådet for hardingfela.no består av representantar frå

Hordaland Folkemusikklag: Silje Solberg

Hordaland Ungdomslag: Sverre Sundvor

Hardanger Spelemannslag: Alexander Aga Røynstrand (vara for Arne Jordan)

Voss Spelemannslag: Lars Gjelland

Hordaland Fylkeskommune: Jørn Oftedal

Ole Bull Akademiet: Jo Asgeir Lie

Hardanger og Voss museum: Agneta Sivertsen

Stipendvinnarane i 2016 fekk mykje positiv merksemd både regionalt og nasjonalt, og hardingfela.no ynskjer å setje ljós på prosjekta til stipendvinnarane når arbeidet er ferdigstilt. Stipenda vil verte delt ut under Osa-festivalen i oktober. Fram til utdeling er saka og innhaldet unntekle offentlegheit.

Fylkesrådmannen tilrår å slutte seg til innstillinga frå Rådet for Hardinfela.no. Følgjande innstilling er levert frå Rådet:

Rådet for hardingfela.no innstilte på møte 22. august 2017 vinnarane av stipenda på grunnlag av ei skjønnsmessig vurdering av aktivitet og kvalitet.

Innstilling til stipend på kr. 50 000 Berit Opheim (f. 1967) – vokal folkemusikk. Innspeling av folketonar frå Voss.

Berit Opheim frå Voss er ein av landets aller fremste vokalistar, folkesongarar og tradisjonsberarar.

Utdanninga si har ho frå Bergen Musikkonservatorium og Norges Musikkhøgskole, samt at ho har gått i lære hjå eldre kjelder som Ragnar Vigdal, Margreta Opheim, Olav Fletre, Agnes B. Garnås og Kirsten B. Berg.

Ho har vunne Landskappleiken 4 gonger og har heile tida vore ein aktiv utøvar og har sunge ma. med Oslo Kammerkor, Det norske solistkor, KORK, Nils Økland, Sigbjørn Apeland, Rolf Lislevand m.fl. Ho var også Nattens dronning i folkeoperaen Tryllefløyta. Ho er aktiv i gruppa Trio Mediæval som har oppdrag verda kring. Attåt å vera ein særslig aktiv og ettertrakta utøvar så finn Berit tid til undervisning, og ho ser på det å vidareføra kunnskap til nye generasjonar som særslig viktig. Ho har undervist på Ole Bull Akademiet sidan 1989, starta barnekvedargruppe på Voss som ho leia i 11 år og har hatt særslig mange kurs, seminar, workshops og mykje privatundervisning.

Berit ynskjer å bruka stipendet til å jobba med ei innspeling av folketonar frå Voss. Folketonane er viktige å dokumentera, samt å gjera dei meir tilgjengelege. Dette er flott musikk som Berit ynskjer å dela med flest mogeleg. Songane har Berit tileigna seg gjennom å læra dei frå eldre folkesongarar, lytta til arkivoptak og

jobba med notenedskrifter. Ho har jobba med materialet i snart 30 år og brukte dei på konserter og i undervisning.

Innstilling til stipend på kr. 25 000 (2 stipend skal delast ut til utøvarar under 30 år):

Silja Solvang (f. 1990) – Folkedans. Djupdykk i halling/laus i Hordaland

Silja Solvang frå Osterøy er ein aktiv dansar og instruktør for born og unge. Ho har teke instruktørkurs i folkedans via Noregs Ungdomslag, gått folkedanslinje på Mange Folkehøgskule og jobbar no aktivt som mellom anna koreograf.

Ho ynskjer å bruka stipendet til å setje seg inn i tradisjonen for halling (både par og laus) i Hordaland. Sidan ho var barn har vore veldig oppteken av hallingdansen, men ho har merka at ho har plukke opp mykje frå austlandet gjennom kurs og film. No vil ho sjå om ho kan finna det som er spesielt for hallingdansen i Hordaland. Samstundes vil ho fordjupa seg i parhalling og sjå om ho kan finna spanande turar og element i dansen. Seinare vil ho bruka det ho finn til å undervise born og unge, og ho tenkjer at det er viktig å vera bevisst sin eigen tradisjon når ein vidareformidlar folkedans. Sidan det er få som dansar halling i Bergensområdet, då spesielt laus, er dette noko som det er viktig å setje fokus på.

Maria Skjeldrum Toppe (f. 1992) – Hardingfele. Djupdykk i tradisjonen etter Finn Vabø frå Bergen

Maria Skjeldrum Toppe frå Bergen er musikkterapeut i Bergen Kulturskule og Barnas Fysioterapisenter, og driv samstundes med aktiv verksemd som instruktør, utøvar og rekrutteringsarbeidar til folkemusikken. Ho har utdanninga si frå Griegakademiet og har teke instruktørkurs i Norges Ungdomslag, gått Master Class Hardanger med Knut Hamre som hovudlærar i 3 år og har teke etterutdanning innan dans, bevegelse og helse.